



# NORDFJORDRÅDET

Samarbeidande kommunar i Nordfjord  
Bremanger –Eid-Gloppen-Hornindal-Selje-Stryn-Vågsøy

Helse Førde v/adm. dir. Jon Bolstad  
Førde Sentralsjukehus

6807 FØRDE

Hesle Vest v/prosjektleder Odd Søreide

**Vår ref.**

11/803-21/K2-H11//ONY

**Dykkar ref.**

**Dato:**

06.12.2011

## ØNSKJE OM ORIENTERING TIL NORDFJORDRÅDET FRÅ HELSE FØRDE/HELSE VEST 12.12.2011

Nordfjordrådet - samansett av ordførarane i alle dei sju kommunene i Nordfjord - skal ha møte i Gloppen måndag 12. desember. Vi vil med dette be om ei felles orientering på vårt møte frå Helse Førde og Helse Vest om ansvarsforhold og samanheng/ beslutningslinjer når det gjeld *ordinær drift av Nordfjord sjukehus som lokalsjukehus med akuttberedskap i tråd med Nasjonal Helse- og omsorgsplan* (med Helse Førde som ansvarleg sjukehuseigar) sett opp mot *Utviklingsprosjekt "Fremtidens lokalsykehus" ved Nordfjord sjukehus* (med Helse Vest som prosjekteigar) i perioden 2012-13.

Vi vil også be om ei orientering frå Helse Førde om akuttberedskapen i Nordfjord og innhald/driftsform for den somatiske delen av Nordfjord sjukehus etter 15.12.2011, jmf planlagt nedlegging av ortopediavdelinga ved Nordfjord sjukehus frå denne datoen.

Vi ønskjer fortrinnsvis at Helse Førde og Helse Vest deltek fysisk i vårt møte 12/12. Dersom det er vanskeleg å få til, vil vi legge til rette for deltaking pr videokonferanse.

Bakgrunnen for førespurnaden er møta delegasjonar frå Nordfjordrådet har hatt med Helseministeren/ Helse Vest/Helse Førde i Bergen 04.11.11 (jmf vedlagt møteoppsummering) og deretter med Helse Førde i Førde 24.11.11 om kva premisser som ligg til grunn for vidare utvikling av Nordfjord sjukehus.

Vi syner også til brev frå Nordfjordrådet til Helse Førde dagsett 28.11.11, der vi presiserer kva føresetnader vi legg til grunn for vidare samarbeid om Utviklingsprosjekt "Fremtidens lokalsykehus".

Med helsing

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradresse:  
Rådhusvegen 11  
org.nr: 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)

Ottar Nygård  
Leiar

**Kopi til:**

Helse Førde v/styreleiar Clara

Øberg

Helse Vest v/styreleiar Oddvar

Nilsen



# NORDFJORDRÅDET

Samarbeidande kommunar i Nordfjord  
Bremanger –Eid-Gloppen-Hornindal-Selje-Stryn-Vågsøy

Helse-og omsorgsminister Anne Grethe Strøm Erichsen  
Postboks 8011  
0030 OSLO

Helse Vest  
v/styreleiar Oddvar Nilsen  
Postboks 303, Forus  
4034 STAVANGER

**Vår ref.**  
11/803-18/K2-H11//ONY

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
28.11.2011

## OM GRUNNLAGET FOR NASJONALT PILOTPROSJEKT FREMtidens LOKALSYKEHUS VED NORDFJORD SJUKEHUS

Vi syner til tilsendt notat utarbeidd av Helse- og omsorgsdepartementet frå møtet mellom departementet, Helse Vest, Helse Førde og Nordfjord-ordførarane i Bergen 4/11.

Notatet oppsummerer på ein grei måte tema som vart tekne opp i møtet, men seier lite om dei avklaringane som faktisk vart gjort i dialogen med Statsråden og leiinga i Helse Vest, jmf Nordfjordrådet sitt brev til Helseministeren av 18/10.

I forståing med alle tilstadeverande i møtet oppsummerte Nordfjordrådet avklaringane som var viktige for oss i eit dokument utarbeidd umiddelbart etter møteslutt i Bergen 4/11. Oppsummeringsdokumentet vart etter ønske frå Helse Vest også gjennomgått av Helse Førde v/ adm dir for å sikre at Nordfjord-ordførarane og Helse Førde hadde ei felles forståing av avklaringane som vart gjort på møtet. Nordfjord-ordførarane var enige i og innarbeidde i oppsummeringsdokumentet dei innspela til endringar adm dir i Helse Førde då kom med, og vi konkluderte med at vi hadde ei felles oppfatning av premissane for og vegen vidare for utviklingsprosjektet. Umiddelbart etter dette vart dokumentet distribuert til møtedeltakarane, media og andre (4/11).

Det har ikkje etter 4/11 kome tilbakemeldingar frå HOD, Helse Vest eller Helse Førde som tilseier at nokon har avvikande oppfatningar om det som kjem fram i vårt oppsummeringsnotat. Nordfjordrådet har difor i etterkant av møtet peika ut våre medlemmer i alle gruppene som er knytte til prosjektet. Vi har no fått opplyst at oppstartsmøte for Utviklingsprosjektet skal haldast 2. desember, og ser fram til dette.

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradresse:  
Rådhusvegen 11  
org.nr: 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)

Vi vil for ordens skuld presisere at frå Nordfjordrådet si side er avklaringane som kom fram i møtet 4/11 om felles mål og ambisjonar for prosjektet og for framtida for Nordfjord sjukehus, og som går fram av vårt oppsummeringsnotat, avgjerande for at vi kan gå inn som partnerar i Utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus.

Vi legg til grunn at vi har ei sams forståing av dette, og at eventuelle avvikande synspunkt frå det som kjem fram i vårt notat blir formidla til oss før oppstart av prosjektet 2. desember. Vi ser fram til godt samarbeid i gjensidig tillit til at vi har felles mål og ambisjonar for prosjektet og for framtidig utvikling av Nordfjord sjukehus.

Med helsing

Ottar Nygård

**Kopi til:**

Helse Førdev/styreleiar Clara  
Øberg

Førde Sentralsjukehus

6807

FØRDE



# NORDFJORDRÅDET

Samarbeidande kommunar i Nordfjord  
Bremanger –Eid-Gloppen-Hornindal-Selje-Stryn-Vågsøy

Helse Førde v/styreleiar Clara Øberg  
Førde Sentralsjukehus

6807 FØRDE

**Vår ref.**

11/803-17/K2-H11//ONY

**Dykkar ref.**

**Dato:**

18.11.2011

## OM OPPSTART AV UTVIKLINGSPROSJEKTET VED NORDFJORD SJUKEHUS

Nordfjorrådet møtte 4/11 Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm Erichsen og Helse Vest v/ styreleiar Oddvar Nilsen for å avklare føresetnadene for nasjonalt pilotprosjekt "Fremtidens lokalsykehus" ved Nordfjord sjukehus. Helse Førde v/ adm dir var også til stades på møtet.

Ut frå ei samla vurdering av svara og avklaringane frå Helseministeren og Helse Vest, konkluderte Nordfjorrådet etter møtet med at vi ønskjer å gå inn som partnarar i Utviklingsprosjektet, og at vi ønskjer eit møte med Helse Førde om oppstart av prosjektet snarast råd.

Vi var særleg glade for at vi i møtet fekk avklart at størstedelen av prosjektet (2/3) skal handle om utvikling av nye tenester og tilbod ved den somatiske delen av sjukehuset, bygd på eit grunnlag der Nordfjord sjukehus er eit lokalsjukehus med akuttfunksjon i tråd med Nasjonal Helse- og omsorgsplan vedteken av Stortinget våren 2011.

Vi var også nøgde med å få avklart at det er eit mål for prosjektet å utvikle nye polikliniske tenester over eit breitt områdefelt utan at det på førehand er lagt "sperrer" gjennom innsnevringar i mandatet, at det er eit mål å finne fram til tenester og tilbod som sikrar effektiv utnytting av anestesilegeberedskapen som skal vere på sjukehuset, og at det ikkje ligg hindringar i mandatet for å samarbeide om utvikling av nye tenester over føretaksgrensene.

Vi er frå Nordfjorrådet si side ut frå dette innstilt på å gå vidare med utviklinga av Nordfjord sjukehus saman med Helse Vest og Helse Førde. Vi ser likevel at prosessen blir svært krevjande, ikkje minst i oppstarten av utviklingsprosjektet. Dette fordi oppstarten av prosjektet fell saman i tid med den framskunda nedlegginga av ortopediavdelinga ved Nordfjord sjukehus som styret i Helse Førde vedtok våren 2011, med planlagt gjennomføring allereie i desember 2011.

I den kritiske fasen vi no er inne i, med den framskunda nedlegginga av ortopediavdelinga som bakteppe, er det avgjerande at alle partar bidreg til å skape best mulig grunnlag for og eit positivt klima rundt oppstarten av Utviklingsprosjektet. Berre då kan vi sikre at folk og folkevalde i Nordfjord

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradresse:  
Rådhusvegen 11  
org.nr: 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)

og tilsette ved sjukehuset trur på at alle involverte partar meiner alvor med at vi vil sikre ei god framtid for Nordfjord sjukehus, med utvikling av nye typar tenester ut frå eit grunnlag der Nordfjord sjukehus skal bestå som eit lokalsjukehus med akutfunksjon i tråd med nasjonale føringar for denne type sjukehus.

Ut frå dette vil vi be Helse Førde om at ein sikrar følgjande grunnleggande føresetnader for å kome godt "ut frå hoppet" i arbeidet med Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus:

- At Helse Førde klargjer at ein ikkje har planar om å fjerne ortopedisk utstyr og operasjonsstover knytt til dette frå Nordfjord sjukehus allereie ved årsskiftet 2011/12, men at ein beheld dette ved sjukehuset inn i gjennomføringsperioden for Utviklingsprosjektet. Slik kan ein sikre reell mulighet til at ein gjennom utviklingsprosjektet kan utvikle nye polikliniske tenester/dagkirurgi med utnytting av anestesiberedskapen og eksisterande utstyr/kompetanse ved sjukehuset
- At Helse Førde i samråd med dei tilsette ved Nordfjord sjukehus og deira organisasjonar peikar ut deltakarar med tilknytning til den somatiske delen av sjukehuset i dei ulike gruppene i Utviklingsprosjektet (ref prosjektmandatet)
- At Helse Førde sikrar gode prosessar rundt pågåande arbeid med å etablere ei lokal leiing ved Nordfjord sjukehus der ein involverer dei tilsette ved sjukehuset i prosessane, og skaper eit godt samarbeidsklima med utveksling av synspunkt og informasjon om korleis ei slik ordning kan bli opplevd som god for alle partar
- At Helse Førde vurderer på nytt gjennomføringsplan og framdriftstempo for prosjekt "Skadepoliklinikk ved Nordfjord sjukehus", der ein mellom anna får uavhengige faglege vurderingar av innhaldet i tenesta, og gjer ei ny vurdering om det er rett å utelukke muligheten av å ha ortopedisk kompetanse til stades ved sjukehuset etter midten av desember for å sikre ei fagleg forsvarleg gjennomføring av ein evt skadepoliklinikk

Vi håpar Helse Førde vil gi rask og positiv respons på dei punkta vi her tek opp, og at vi så snart det er mogeleg kan halde eit oppstartsmøte. Det vil vere eit svært viktig grunnlag for å kome godt i gang med "Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus" i eit klima prega av gjensidig tillit og framtidstru.

Beste helsing

Nordfjodrådet  
v/ leiar Ottar Nygård

Kopi:

Adm dir i Helse Førde, Jon Bolstad

## **Nordfjorderådet si oppsummering av møte mellom ordførarane i Nordfjord, Helseministeren, Helse Vest og Helse Førde i Bergen 4. november 2011 om Nordfjord sjukehus og utviklingsprosjekt "Fremtidens lokalsykehus"**

*alle sitat er av Nordfjorderådet sin leiar, Ottar Nygård (ordførar i Selje)*

- Vi har hatt ein god dialog i møtet. Vi er enige om at det no er viktig å kome raskt i gang med utviklingsprosjektet. Vi har fått ein del viktige avklaringar som gjer det mulig for oss frå Nordfjord-kommunane si side å gå inn som partnarar i prosjektet.
- Statsråden stadfesta at Nordfjord sjukehus skal bestå som eit lokalsjukehus med akuttfunksjon i tråd med Nasjonal Helse- og omsorgsplan - og at Nasjonal Helse- og omsorgsplan skal ligge til grunn for utviklinga av Nordfjord sjukehus i framtida
- Vi har fått klare løfte om at prosjektet skal gi nye utviklingsmulegheiter for Nordfjord sjukehus, og at mandatet gir nødvendige opningar for dette. Vi har også fått bekrefte at å finne fram til ein modell for effektiv bruk av anestesikapasiteten på sjukehuset, kan vere ein del av utviklingsprosjektet
- Vi har fått bekrefte at Helse Førde er i gang med prosessar for å etablere ein leing på Nordfjord sjukehus som skal understøtte den krevjande fasen ein no går inn i.
- Vi har fått bekrefte at det i prosjektet ikkje ligg nokon hindringar for å arbeide fram nye samarbeidsmodellar over foretaksgrensene mellom Helse Vest og Helse Midt og mellom sjukehus i desse regionane
- Vi har fått avklart at omlag 25 av dei 75 mill til utviklingsprosjektet går til rus og psykiatri (oppstart av ruspost). Det er ein større del enn det vi meiner er riktig - men vi har no likevel fått ei avklaring som gir ei ramme for kva som er det reelle innhaldet i utviklingsprosjektet: 50 mill kroner. Samtidig har vi fått tydelege løfte om at kommunene skal vere med i utviklinga av prosjektet og styringa av kva tjenester som skal skapast.
- Vi har også fått bekrefte at Helse Vest er innstilt på å bidra med resten av finansieringa av rusposten og ønsker å starte denne opp raskt.

Statsråden oppklarte også våre spørsmål knytt til framtidig fødetilbod i Nordfjord: Nordfjord si framtidige løysing er ei samanslått fødeavdeling Nordfjord/Volda lokalisert i Volda, og det skal på plass ei følgeteneste knytt til dette i samarbeid med kommunane. Det skal ikkje opprettast jordmorstyrt fødestove dersom kommunene sjølve ikkje ønsker det

*Vår kontaktperson: Leiar i Nordfjorderådet Ottar Nygård, mobiltlf 918 60 683*

*Til stades på møtet var:*

*Statsråd Anne-Grete Strøm Erichsen, Statssekretær Martin Robin Kåss og ekspedisjonssjef Bjørn Erikstein (HOD). Styreleiar Oddvar Nilsen, adm dir Herlof Nilsen og fagdirektør Baard-Christian Schem (Helse Vest). Adm dir Jon Bolstad og informasjonssjef Arne Eithun (Helse Førde).*

*Frå Nordfjorderådet: Leiar Ottar Nygård (ordførar Selje), nestleiar Anne-Britt Øen Nygård (ordførar Hornindal), Alfred Bjørlo (ordførar Eid) og Morten Andreas Hagen (ordførar Vågsøy).*